



## Statens vegvesen

Villanger & Sønner AS  
Knarvik 45  
5914 ISDALSTØ

Rune Kristoffersen

Behandlande eining:  
Region vest

Sakshandsamar/telefon:  
Tone Bøyum / 55516792

Vår referanse:  
17/74002-8

Dykkar referanse:

Vår dato:  
29.08.2017


### Uttale – Avkjørsle – Endra / utvida bruk – Fv. 393 gnr. 215 bnr. 52 – Ytre Eidsnes – Lindås kommune

Statens vegvesen syner til søknad om endra bruk av avkjørsle mottatt 22.05.2017. Vi syner også til ettersendt dokumentasjon. Statens vegvesen var på synfaring 28.08.2017.

#### Kva saka gjeld:

Det er søkt om riving av eksisterande fritidsbustad og oppføring av einebustad på gnr. 215 bnr. 52 i Lindås kommune. Det er ettersendt dokumentasjon på løyve til å opparbeide avkjørsle til fv. 393 frå 1968. Det er ikkje lagt ved løyve til bruk av avkjørsle.

Tiltaket ligg innanfor eit område som er avsett til *landbruk, – natur- og friluftsføremål* med føringar om spreidd busetnad jf. arealdelen av kommuneplan for Lindås. Det er Lindås kommune som kan opplyse om rett planstatus, og eventuelt dispensere frå godkjent plan.



#### Situasjonsplan vedlagt søknaden.

Postadresse  
Statens vegvesen  
Region vest  
Postboks 43  
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00  
firmapost-vest@vegvesen.no  
Org.nr: 971032081

Kontoradresse  
Nygårdsgaten 112  
5008 BERGEN

Fakturaadresse  
Statens vegvesen  
Regnskap  
Postboks 702  
9815 Vadsø

**Opplysning om saksgang:**

Før søknaden vert handsama etter veglova må tiltaket vere avklart etter plan og bygningslova (pbl.) og anna relevant lovverk som kommunen forvaltar. Statens vegvesen har rett til å uttale seg i saker som vedkjem vårt saksområde jf. pbl. §19-2. Vi har og klagerett i slike saker. Dette brevet er difor utforma som ein uttale som kan nyttast til kommunen si handsaming av søknaden:

**Uttale til handsaming etter plan og bygningslova:**

Tiltaket ligg nord for fv. 393 på Ytre Eidsnes. Vegen er smal på gjeldande strekning, og det er ikkje tilbod til gåande og syklende. Det er eit kollektivstopp i tilknytning til avkøyrsla. Avkøyrsla er nytta av fleire. Fartsgrensa er 50 km/t og årsdøgertrafikk (ÅDT) er 300. Fylkesvegen er klassifisert til *Haldningsklasse 4* jf. *Rammeplan for avkøyrslar og byggjegrense langs riks- og fylkesvegar i Region vest (2013 - 2016)*.

*Vegvesenet si vurdering av saka:*

Søker har lagt ved ein dokumentasjon på rett til å opparbeide avkøyrsla frå 1968. Vi vil vise til at dette er eit dokument som i utgangspunktet gjev rett på å opparbeide ei avkøyrsla og ikkje ein rett til å bruke avkøyrsla, utan at vi tek endeleg stilling til dette forholdet no.

Det er søkt om endra bruk av avkøyrsla og det er difor behov for eit nytt løyve. Vi var på synfaring på staden og målte mellom anna sikt og vurderte utforming av avkøyrsla. Vi finn at avkøyrsla for det meste er i samsvar våre krav til utforming, og at sikta i avkøyrsla er tilfredstillande etter dagens krav.

Etter ei samla vurdering av mellom anna antal brukarar av avkøyrsla, trafikale forhold på staden, og utforming av avkøyrsla finn vi at det kan påreknast løyve til endra bruk dersom Lindås kommune vel å gje løyve til oppføring av ny bustad på eigedommen.

**Vidare saksgang:**

Dersom Lindås kommune vel å gje løyve til bygging av bustad, må du sende inn dokumentasjon på dette. Vi vil deretter behandle saka vidare etter føresegnene i veglova.

Plan og forvaltning Bergen  
Med helsing

Kari Elster Moen  
overingeniør

Tone Bøyum  
overingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.*